

# Lokkar fram det skjulte i deg

Likar du å kjenna på urskrekken som bur i deg? Då bør du vitja Galleri Trallala før 25. november.

SIGBJØRN LINGA

– Eg ynskjer å spela på folks assosiasjonar og gje dei ei oppleving, sa keramikar og skulptør Kjersti Sletteland då ho opna *Underfull* – utstillinga av eigne verk i galleriet i Norheimsund sentrum laurdag.

Utstillinga rommar fleire tital centimeter store edderkoppar, sniglar – og midd. Sistnemnde finst i hopetal under deg i senga di, men er vanlegvis usynlege. I galleriet kan du sjå eitt fryktinngytande, forstørra eksemplar med ei eiga søyle til disposisjon.

## Fascinasjon

– Eg lèt meg fascinera av insekt, forklara kunstnaren – som om det var naudsynt.

Kunsten hennar skal appel-



Kjersti Sletteland er ein kløppar til å halda rytmen, skrytte gallerist Damon McNally. Kunstnaren fekk difor oppdraget med å styra tempoet då han spela flamencogitar under opninga av utstillinga.

lera til det ho kallar urskrekken i mennesket, frykta som framkallar frostrier hjå mange når dei ser til dømes edderkop-

par eller rotter. Samstundes vert me kanskje litt tiltrekte av dei?

– Eg har sans for dette to-

delte i oss, det at me vèrt både tiltrekte og fråstøytte, sa kunstnaren om sin leik med det gøynde i menneskesinnet.

Sletteland er inspirert av psykologen Rorschach, noko som kjem til uttrykk i porselenskunst som minnar stygt om både tarmar og hjernemasse.

Utstillinga rommar òg ”fossil” i form av avtrykk i keramik. Sletteland fortalde tilhøyrarane at ho har sans for minne om noko som er borte for lengst, fotefar etter gamle objekt.

## Jubilerer

Nokre tital gjester hadde funne vegen til galleriet i høve opninga, og naut motbydelege kunstinntrykk akkompagnert av lekker fingermat.

Galleri Trallala opna i oktober for to år sidan. Slettebakk står såleis for jubileumsutstillinga. Laurdag fekk galleristane Magne Julin Vik-Mo og Damon McNally gjestene med på ei ørlita utskeiing i høve toårsfeiringa – å ropa ”Trallala” det høgaste dei makta.